

---

**Fra:** Robøle, Anne Grete <fmhoAgr@fylkesmannen.no>  
**Sendt:** 6. april 2018 17:51  
**Til:** postmottak@askoy.kommune.no; postmottak@bomlo.kommune.no;  
postmottak@kvam.kommune.no; post@kvinnherad.kommune.no;  
Postmottak Radøy; post@stord.kommune.no;  
postmottak.helse.sosial@bergen.kommune.no; Postmottak Austevoll;  
Post Austrheim; postmottak@eidfjord.kommune.no;  
firmapost@etne.kommune.no; Postmottak Fedje;  
fitjar@fitjar.kommune.no; postmottak@fjell.kommune.no;  
postkasse@fusa.kommune.no; postmottak@granvin.kommune.no;  
post@jondal.kommune.no; Postmottak Lindås; Post Masfjorden  
kommune; Postmottak Meland; Postmottak Modalen;  
tenestetorget@odda.kommune.no; os.kommune@os-ho.kommune.no;  
Post Osterøy; adm@samnanger.kommune.no;  
postmottak@sund.kommune.no; postmottak@sveio.kommune.no;  
post@tysnes.kommune.no; postmottak@ullensvang.herad.no;  
postmottak@ulvik.kommune.no; Postmottak Vaksdal;  
postmottak@voss.kommune.no; postmottak@oygarden.kommune.no  
**Kopi:** Lehmann, Sjur; Helland, Beate; Sigrun.Heskestad@helsedir.no  
**Emne:** Søknadsfristen til nasjonal leiarutdanning for primærhelsetenesta er 15.  
april 2018  
**Vedlegg:** Folder Helseledelse 2018ev.pdf

Ver venleg å vidaresende e-posten med vedlegg til kommunalsjef for helse- og omsorg

Slik det går fram av e-posten nedanfor, har Helsedirektoratet bedt om at vi vidareformidlar informasjon om at 15. april er påmeldingsfristen til nasjonal leiarutdanning for primærhelsetenesta.

Med venleg helsing

Anne Grete Robøle  
Fylkesmannen i Hordaland  
helse- og sosialavdelinga  
tlf: 55 57 22 31

---

**Fra:** Sigrun Heskestad [<mailto:Sigrun.Heskestad@helsedir.no>]  
**Sendt:** 6. april 2018 17:42

**Emne:** Hugs søknadsfrist 15. april 2018 til nasjonal leiarutdanning for primærhelsetenesta!

**Til rådgjevarar for Kompetanseløft 2020, psykisk helse og rus, Omsorg 2020 med fleire**

**Nasjonal leiarutdanning for primærhelsetenesta i 2018**

Helsedirektoratet vil be fylkesmennene hjelpe oss til å spreie informasjonen om nasjonal leiarutdanning for primærhelsetenesta til sine nettverk blant kommunale leiarar i helse- og omsorgstenesta. Me har bede dykk om dette tidlegare. Nå nærmar søknadsfristen seg, og det er behov for ekstra påminning til kommunane.

**Søknadsfrist 15. april 2018 til:** <https://www.bi.no/studier-og-kurs/kurs/masterprogram/helseledelse/>

Utdanninga rettar seg primært til einings- og verksemdsleiarar i helse- og omsorgstenesta kommunar og tannhelsetenesta i fylkeskommunar. Dette omfattar leiarar i psykisk helsearbeid og rusarbeid, kommunale institusjonar og sjukeheimar, heimebaserte omsorgstenester, helsestasjons- og skulehelsetenesta, habiliterings- og rehabiliteringstenesta, offentleg legeteneste, fylkestannlegar, overtannlegar og klinikkleiarar. Andre med relevant leiaransvar kan også søkje om opptak. Det er ønskeleg at leiarar frå same kommune og ulike delar av primærhelsetenesta søker saman. Det styrkjer søknaden om rådmann eller kommuneleiiing legg ved tilråding.

Helsedirektoratet har i samarbeid med KS gitt Handelshøyskolen BI i oppdrag å tilby utdanning i leiarskap og endrings- og innovasjonsleiiing for helse- og omsorgstenesta i kommunane og tannhelsetenesta i fylkeskommunane. Tiltaket er sentralt i Kompetanseløft 2020.

Frå hausten 2018 blir det gitt tilbod om opptak til fire nye klassar med til saman 216 nye studentar. Ein klasse vil vere lokalisert i Trondheim, medan dei tre andre klassane er i Oslo. Vedlagt er brosjyre til utdanninga, *Helseledelse*, ved BI. Utdanninga gir 30 studiepoeng og kan gjennomførast som sjølvstendig modul eller som del av eit samla mastergradstudium.

Tema på samlingane er:

- Samling 1: *Ledelse og samhandling i kunnskapsorganisasjoner*
- Samling 2: *Strategisk forvaltning og utvikling av kompetanse*
- Samling 3: *Organisasjonskultur og gruppedynamikk i helse- og omsorgstjenesten*
- Samling 4: *Ledelse av innovasjon og endring*
- Samling 5: *Ledelse og økonomi: styring i offentlig forvaltning*
- Samling 6: *Jus, internkontroll og etikk*

Studieavgifta er dekt av Helsedirektoratet. Reise og opphald må dekkjast av den enkelte. Det er mogeleg å søkje om reise- og opphaldstilskot frå KS.

For meir informasjon sjå:

- Folder frå BI: <https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMTE/Helse%20og%20omsorg/01%20Diverse%20dokumenter/2018/Folder%20Helseledelse%202018.pdf>
- KS sin omtale på Facebook: <http://www.ks.no/fagomrader/Arbeidsgiver/arbeidsgiverpolitikk/rekruttering-og-kompetanse1/onsker-du-a-videreutdanne-deg/>
- Helsedirektoratet sin omtale på Facebook: <https://helsedirektoratet.no/nyheter/sok-plass-pa-nasjonal-leiarutdanning-for-primerhelsetenesta>

Vennleg helsing

Sigrun Heskestad  
prosjektleiar Kompetanseløft 2020

Avdeling kommunale helse- og omsorgstenester  
Mobil 906 30 899  
Helsedirektoratet

Pb. 7000 St. Olavs plass, 0130 Oslo  
[www.helsedirektoratet.no](http://www.helsedirektoratet.no)